

*Estrellita Rauan*

**Undersøking om  
foreldrebetaling i barnehagar,  
august 2005**

Notater

# Innhald

<b>1. Samandrag</b> .....	<b>2</b>
<b>2. Generelt om undersøkinga</b> .....	<b>3</b>
<b>3. Om tabellane</b> .....	<b>4</b>
<b>4. Definisjonar</b> .....	<b>5</b>
<b>5. Spesielle merknader</b> .....	<b>5</b>
<b>6. Takstane for kommunale barnehagar</b> .....	<b>6</b>
6.1 Månadssatsane på landsbasis.....	6
6.2 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner .....	6
6.3 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner .....	7
6.4 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner .....	7
6.5 Minimum og maksimum betalingsatsar .....	8
6.6 Årsbetaling på landsbasis .....	8
6.7 Årsbetaling på regionsnivå .....	9
6.8 Betalingssystem .....	10
6.9 Rabatt/friplass .....	10
6.10 Syskenmoderasjon .....	10
6.11 Kor mange gonger i året det blir betalt.....	10
6.12 Mat-/kostpengar .....	10
6.13 Eigne betalingsatsar for barn under 3 år .....	10
<b>7. Takstane for private barnehagar</b> .....	<b>11</b>
<b>8. Samanlikning av private og kommunale barnehagar</b> .....	<b>12</b>
<b>Vedlegg: Tabellar</b> .....	<b>13</b>
<b>Dei sist utgitte publikasjonane i serien Notater</b> .....	<b>44</b>

## 1. Samandrag

Gjennomsnittlege månadssatsar i kommunale barnehagar per august 2005 har auka jamført med januar 2005 for hushald med brutto årsinntekt over 250 000 kroner, medan det var nedgang i månadssats for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner. For hushald med ei brutto årsinntekt på 250 000 kroner kostar ein heildagsplass i barnehage i snitt i overkant av **2 350** kroner. Foreldrebetalinga for inntektsnivå 375 000 ligg på i underkant av **2 700** kroner, medan satsane for inntektsnivå 500 000 kroner er i overkant av **2 750** kroner i snitt. Dette tilsvarar ein svak oppgang på respektive **0,2** og **0,3** prosent frå januar 2005, medan hushald med inntekt på 250 000 har hatt ein nedgang i satsane på **0,2** prosent. I forhold til satsane i august 2004 ligg foreldrebetalinga for dei tre inntektsnivå mellom **1,0** og **1,6** prosent høgare i august 2005. Den gjennomsnittlege minimumssatsen for heile landet er i overkant av **1 500** kroner, medan maksimumssatsen er i overkant av **2 750** kroner. Minimums- og maksimumssatsane er dei lågaste/høgaste satsane kommunane har spesifisert i sitt betalingssystem, og er i denne undersøkinga ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå då dette varierer frå kommune til kommune.

For hushald med ei årsinntekt på 250 000 kroner varierer betalinga frå i overkant av **1 500** kroner i Aust-Agder til **2 750** kroner i Hordaland og Møre og Romsdal. For inntektsnivået 500 000 kroner har Finnmark den lågaste satsen med knappe **2 600** kroner medan Rogaland her har den høgaste med omkring **3 000** kroner. Variasjonen mellom fylka er mindre dess høgare inntektsnivået er, noko som heng saman med kommunane sitt betalingssystem.

Foreldrebetalinga i private barnehagar på landsbasis er i snitt i underkant av **2 650** kroner per august 2005. Jamført med august 2004 har betalingssatsane gått ned med **1,6** prosent.

Gjennomsnittlege årsbetalingar har auka for alle inntektsnivå i august 2005 medan auka var mest for familiane som betaler minimumssats grunna enten bortfall av nokre spesielle ordningar, kommunane har innført flate satsar, auka kostpengar eller innført kostpengar.

Sammenlikning av gjennomsnittleg årsbetaling i private barnehagar med årsbetalinga i kommunale barnehagar viser liten forskjell for Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Årsbetalinga i private barnehagar er lågare i Trøndelag og på Vestlandet enn i dei kommunale barnehagar.

## 2. Generelt om undersøkinga

Denne rapporten er laga av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Barne- og familiedepartementet ved Familie- og barnehageavdelinga. SSB har i oppdrag å gjennomføre ei utvalsundersøking av foreldrebetalinga for heildagsopphald i kommunale og private barnehagar i januar og august kvart år. Datainnsamlinga vart gjennomført i august 2005 og arbeidet med datamaterialet vart avslutta i oktober 2005.

Undersøkinga og rapporten omhandlar heildagsopphald for barn over 3 år i kommunale og private barnehagar.

Dei utvalde kommunane vart bedne om å gje følgjande opplysningar om kommunale barnehagar per august 2005:

- dokumentasjon over betalingssatsar og reglar,
- eventuell moderasjon for første sysken,
- eventuelle kostpengar i tillegg til opphaldsbetalinga,
- talet på månader foreldra betaler,
- eventuell rabatt-/friplassordning.

I dokumentasjonen finn SSB betalingssatsar for barn over 3 år med heildagsplass i kommunal barnehage for hushald med dei tre inntektsnivåa 250 000, 375 000 og 500 000, i tillegg til minimumssatsar og maksimumssatsar. Dei ulike inntektsnivåa representerer punktobservasjonar ikkje intervalla.

SSB har teke imot opplysningar frå alle kommunane som vart trekte til utvalet, i alt 109 kommunar, det vil seie frå Oslo og 6 kommunar frå kvart av dei andre 18 fylka. Dette tilsvarer om lag ein fjerdedel av kommunane i landet og omfattar nesten to tredjedelar av dei kommunale heildagsplassane i landet for barn mellom 3 og 5 år.

Kommunane i landet er delt inn etter bestemte kriteria. Første kriterium er fylke, kor det er trekt 6 kommunar innan kvart fylke (ser bort frå Oslo som er eit eige område). I tillegg er det lagt vekt på å sikra ein representasjon av både tett- og spredtbygde strøk .

Utvalet av private barnehagar består av i overkant av 170 barnehagar som er trekte frå dei fem regionane Austlandet, Agder/Rogaland, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Dei private barnehagane vart bedne om å gje følgjande opplysningar for januar 2005:

- betalingssats for heildagsopphald,
- eventuell moderasjon for første sysken,
- eventuelle kostpengar i tillegg til opphaldsbetalinga,
- talet på månader foreldra betaler.

### 3. Om tabellane

Dei seks fyrste tabellane omhandlar kommunale barnehagar. Berre tabell 7 omfattar private barnehagar. I undersøkinga er gjennomsnittssatsane vekta, medan dei tidlegare blei vorte gjort med simpelt gjennomsnitt. I utrekningar av gjennomsnitt blir også null inkludert som pris.

Tabell 1 Oversiktsdata for undersøkinga. Tabellen gir ei fylkesvis oversikt over førekomsten av nokre kjennemerke i undersøkinga, det vere seg talet på kommunar i undersøkinga, inntektsgraderte satsar, syskenmoderasjon, eigne betalingssatsar for barn under 3 år, talet på betalingsmånader og kostpengar.

Tabell 2a Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt. Tabellen inneheld gjennomsnittlege månadssatsar etter fylke og på landsbasis for august 2004 og 2005, og prosentvis endring i månadssatsane.

Tabell 2b Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt. Tabellen inneheld gjennomsnittstal for årsbetalinga etter fylke og på landsbasis for august 2004 og 2005, og prosentvis endring i årsbetalinga.

Tabell 2c Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt, viser gjennomsnittstal for heile landet for januar og august 2005, og prosentvis endring.

Tabell 3 gir ei oversikt over satsar og betalingsvilkår i august 2005 for utvalskommunane innan kvart fylke, samt utrekna årsbetaling for hushald med eit og to barn i barnehage. I tillegg er det rekna ut gjennomsnittlege augustsatsar og årsbetaling i fylket. Årsbetalinga er ein utrekna storleik gitt at augustvilkåra blir haldne uendra.

Tabell 4 Årsbetaling etter region og bruttoinntekt. Tabellen viser gjennomsnittleg årsbetaling for hushald med dei tre inntektsnivåa i tillegg til minimums- og maksimumssatsar både for eit og to barn i barnehage.

Tabell 5 Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt. 1998-2005. Tabellen viser utviklinga i månads- og årsbetaling frå januar 1998 til august 2005. Gjennomsnittssatsane for august 2005 og tilbake til januar er 2002 vekta. Tidlegare blei gjennomsnittsutrekningar vorte gjort med simpelt snitt.

Tabell 6 Oversiktsdata for kommunale barnehagar. 1998-2005. Tabellen gir ei oversikt over utviklinga i førekomsten av nokre kjennemerke i undersøkinga, det vere seg talet på kommunar i undersøkinga, inntektsgraderte satsar, syskenmoderasjon, eigne betalingssatsar for barn under 3 år og kostpengar.

Tabell 7 Månads- og årsbetaling etter region for private barnehagar. Tabellen opplyser om gjennomsnittleg månads- og årsbetaling for hushald med barn i privat barnehage for august 2004 og august 2005, samt prosentvis endring i satsane.

## 4. Definisjonar

Heildagsopphald: er den opphaldstida som kommunane til kvar tid definerer som heildagsopphald, som i all hovudsak er 41 timar per veke eller meir.

Inntektsgradering er dei satsane som er avhengig av foreldra si inntekt. Dette kan også omfatte ordningar med redusert foreldrebetaling eller friplassar gjennom barnehagens ordinære betalingssystem. Ordningar med redusert foreldrebetaling eller friplassar gjennom andre organ fell utanfor definisjonen.

Friplass er det som kommunane til kvar tid definerer som friplass. Den kan vere gjennom barnehagens ordinære betalingssystem eller andre organ i kommunane. Ulike vilkår kan liggje til grunn for friplassane.

Minimumssats er den lågaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalingssystem. Minimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune.

Maksimumssats: er den høgaste satsen kommunen har spesifisert i sitt betalingssystem. Maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå da dette varierer frå kommune til kommune.

## 5. Spesielle merknader

Rapporten gir prisar og føresetnader hovudsakeleg for barn over 3 år same kva type barnehage (vanleg barnehage, familiebarnehage). I dei tilfella ein kommune tek høgare pris for barn under 3 år, er det gjort merknad om dette i fotnote til tabellen. Vidare er det opplyst i fotnote i kva fall kommunen opererer med nettoinntekt framfor bruttoinntekt når dei fastset foreldrebetalinga.

Augustsatsane og utrekna årsbetaling i tabellane representerer punktobservasjonar for inntektsnivåa som blir nytta, ikkje intervall.

I kommunar med inntektsavhengig foreldrebetaling kan det liggje ulike definisjonar av inntekt til grunn for fastsetjing av foreldrebetalinga. I tillegg har kommunane svært ulike system i forhold til kost og kostpengar. I den grad det er mogeleg blir kostpengar skilt ut frå månadssatsen. Men i nokre tilfelle er kostpengar inkludert i månadssatsen og derfor ikkje mogeleg å skilje ut. Dette fører til at samanlikningar av takstnivået mellom kommunar, fylke og regionar er vanskelig, men mindre vanskelig dess høgare nivå vi gjer samanlikningar på. Det er vanleg at kommunane regulerer barnehagesatsane med verknad frå 1. januar og/eller 1. august, og ved vedtak frå Stortinget. Satsane og vilkåra i denne undersøkinga er dei som gjaldt i august.

SSB gjer merksam på at nokre data frå tidlegare målingar kan ha vorte endra i ettertid som ei følge av nye opplysningar. I tabell 2a er det ein stor auke i månadssatsar for Buskerud fylke. Det skuldast bortfallet av tilbodet om redusert barnehagebetaling for hushald med lav betalingsevne for Kongsberg og Ål. Kongsberg gjekk over til flats sats, medan Ål kommune har auka minimumssatsen.

## 6. Takstane for kommunale barnehagar


### 6.1 Månadssatsane på landsbasis

Med brutto årsinntekt på 250 000, 375 000 og 500 000 kroner er dei gjennomsnittlege månadssatsane for august 2005, for heildagsplass i kommunale barnehagar, på landsbasis respektive **2 352**, **2 698** og **2 753** kroner. Satsane for brutto årsinntekt på 250 000 er **0,2** prosent lågare i august 2005 enn i januar 2005, medan satsane for brutto inntektsnivåa 375 000 og 500 000 er respektive **0,2** prosent, **0,3** prosent høgare i sama periode. Minimumssatsen utan kost er i snitt **1 528** kroner i august 2005, medan maksimumssatsen er **2 753** kroner i same periode. Tala er illustrerte i tabell 2a og 2c i vedlegget. Betalingssatsane omtalt her er vekta gjennomsnitt. Vektgrunnlaget består av talet på barn mellom 3 og 5 år med heildagsplass i kommunal barnehage.

### 6.2 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner

Høgaste betalingssatsar finn ein i Møre og Romsdal og Hordaland med **2 750** kroner. Høg betalingssats for låginntektsgrupper kan mellom anna ha samanheng med foreldrebetalingssystemet kommunane har valt. Kommunane innan desse fylka nyttar i liten grad betalingssatsar som er avhengige av inntekta til hushaldet. Difor er det liten prisskilnad for ein barnehageplass same kva hushaldet tener. Tilsvarande blir prisen for barnehageplassar for foreldre med låg inntekt lågast i fylka som er prega av inntektsavhengige betalingssatsar. Lågaste betalingssatsar har Aust-Agder med **1 565** kroner og Rogaland med **1 597** kroner. Tala er illustrerte i figur 1, samt i tabell 2a i vedlegget.


Figur 1. Gjennomsnittleg månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.  
Brutto årsinntekt på 250 000 kroner. August 2005.



### 6.3 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner

Betalingsattsar for hushald med årsinntekt på 375 000 kroner ligger nærmare **2 750** for dei fleste fylka, sjå figur 2. Dei lågaste betalingsattsane har Sogn og Fjordane med **2 467** kroner og Rogaland med **2 498** kroner.

Figur 2. Gjennomsnittleg månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.  
Brutto årsinntekt på 375 000 kroner. August 2005.




### 6.4 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner

Variasjonen i foreldrebetalinga mellom fylka er mindre dess høgare inntektsnivået er, sjå figur 3. For hushald med årsinntekt på 500 000 kroner er den høgaste betalingsattsen registrert i Rogaland med **3 078** kroner. Den lågaste betalingsattsen har Finnmark med **2 585** kroner.



Figur 3. Gjennomsnittleg månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.  
Brutto årsinntekt på 500 000 kroner. August 2005.



### 6.5 Minimum og maksimum betalingsatsar

Satsane som blir omtalt i dette avsnittet er dei lågaste og høgaste gjennomsnittlege månedssatsar for dei ulike fylka og er illustrerte i tabell 2a. Minimums- og maksimumssatsane i denne undersøkinga er ikkje knytt opp mot eit spesifikt inntektsnivå då dette varierer frå kommune til kommune. Det er store variasjonar i foreldrebetalinga avhengig av om kommunane nyttar inntektsgradering i betalingssystemet. Dei lågaste minimumssatsane har Rogaland og Oslo med høvesvis **705** og **750** kroner. Møre og Romsdal har den høgaste minimumssatsen med **2 750** kroner.

I alt 8 av dei 19 fylka har ein maksimumssats på akkurat 2 750 kroner. Dei fleste av dei andre fylka har ein maksimumssats nær 2 750 kroner, med unntak av Finnmark som har den lågaste maksimumssatsen med **2 585** kroner. Den høgaste maksimumssats har Rogaland med **3 078** kroner. For mange av kommunane er maksimumssatsane dei same som satsane for hushald med årsinntekt på 500 000 kroner da dei fleste kommunane i utvalet som nyttar eit inntektsgradert betalingssystem ikkje har intervall over 500 000 kroner. Minimumssatsane skil seg i større grad frå den lågaste punktobservasjonen på 250 000 kroner ettersom mange kommunar nyttar inntektsgradering med lågare intervall enn 250 000 kroner.

### 6.6 Årsbetaling på landsbasis

Forutan månedssatsane er storleiken på årsbetalinga for eit barn i barnehage avhengig av kostpengar og talet på betalingsmånader. Årsbetalinga for to barn er i tillegg avhengig av storleiken på ein eventuell syskenmoderasjon. Med brutto årsinntekt på 250 000 er årsbetalinga på landsbasis for hushald med eit barn i barnehage i gjennomsnitt **26 689** i august 2005, ein auke på **1,4** prosent frå august 2004. For hushald med brutto årsinntekt på 375 000 og 500 000 kroner er årsbetalinga med eit barn i barnehage i gjennomsnitt **30 422** og **30 949** kroner. I forhold til same inntektsnivå er årsbetalinga **1,7** prosent høgare i august 2005 enn i august 2004. Tala er illustrerte i tabell 2b i vedlegget.

For tilsvarende bruttoinntekter er årsbetalinga på landsbasis for hushald med to barn i barnehage i gjennomsnitt respektive **45 160**, **51 408** og **52 328** kroner. I forhold til satsane i august 2004 ligg årsbetalinga for dei tre inntektsnivåa høvesvis **2,6**, **3,0** og **3,0** prosent høgare i august 2005. Årsbetalinga for hushald med to barn i barnehage har dermed auka meir enn årsbetalinga for hushald med eit barn i barnehage. Dette kan forklarast med ein reduksjon i syskenmoderasjonen i perioden.


Årsbetalinga har auka mest for familiane som betaler minimumssats i august 2005 grunna enten bortfall av nokre spesielle ordningar, kommunane har innført flate satsar, auka kostpengar eller innført kostpengar.

### 6.7 Årsbetaling på regionsnivå

For hushald med årsinntekt på 250 000 kroner har Agder/Rogaland den lågaste årsbetalinga med **17 993** kroner for eit barn og **30 927** kroner for to barn i barnehage. Den høgaste årsbetaling for hushald med same årsinntekt og eit barn i barnehage har Trøndelag og Nord Noreg kor årsbetalinga er respektive **31 730** og **30 323** kroner. For hushald med to barn i barnehage har også Trøndelag og Nord Noreg høgast årsbetaling med respektive **54 338** og **49 838** kroner. For hushald med årsinntekt på 500 000 kroner varierer årsbetalinga mellom **30 411** kroner i Vestlandet og **31 730** kroner på Trøndelag for eit barn i barnehage. Med to barn i barnehage varierer årsbetalinga mellom **50 005** kroner i Nord-Noreg og **54 338** kroner i Trøndelag. Tala er illustrerte i tabell 4 i vedlegget.

Den lågaste minimumssatsen har Agder/Rogaland med **10 511** kroner for eit barn i barnehage på årsbasis, og **17 957** kroner for to barn. Trøndelag har den høgaste minimumssatsen både for eit og to barn i barnehage med respektive **31 329** kroner og **53 658** kroner.

Figur 4. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn i kommunal barnehage etter region og samla brutto årsinntekt, og minimums- og maksimumssatsar. August 2005



## **6.8 Betalingssystem**

76 av 109 kommunar har "flate" månadssatsar, det vil seie at satsen ikkje er differensiert etter hushaldet si inntekt. Dei andre kommunane har inntektsgraderte månadssatsar. Nokre av desse kommunane graderer betalingssatsane etter Folketrygdas grunnbeløp. Etersom grunnbeløpet blir oppjustert kvart år, vil eit hushald med konstant inntekt før eller sidan få lågare opphaldsbetaling. Friplass og redusert foreldrebetaling som blir tilbudd hushald med lav inntekt gjennom barnehagens ordinære betalingssystem er i denne undersøkinga også definert som inntektsgradert betalingssystem. Ordningar med redusert foreldrebetaling eller friplass gjennom andre organ fell utanfor definisjon.

## **6.9 Rabatt/friplass**

81 av kommunane i utvalet tilbyr friplassar, økonomisk hjelp eller rabatt. Dette tilsvarer om lag 74 prosent av utvalet. I overkant av 17 prosent av desse kommunane tilbyr friplassar gjennom det ordinære betalingssystemet sitt. Om lag 9 prosent av kommunane tildeler friplass etter separat behandling ved det organ som har opptaksfullmakt. Rundt 49 prosent av kommunane tilbyr friplass etter særskilt behandling, gjennom sosialkontor, barnevernsnemnd eller skulekontor. Noen kommunar tilbyr friplassar etter fleire av behandlingsmåtane. Dei resterande 15 kommunane har inga rabattordningar.

## **6.10 Syskenmoderasjon**

Alle kommunane i utvalet gir syskenmoderasjon. Det er 22 kommunar som gir 50 prosent syskenmoderasjon til barn nummer to, medan det i august 2004 var 31. Det er ingen kommunar som tilbyr over 50 prosent i syskenmoderasjon. I hovudsak gir kommunane ikkje syskenmoderasjon på mat-/kostpengar.

## **6.11 Kor mange gonger i året det blir betalt**

I utvalet er det 108 kommunar som har foreldrebetaling for heilårsopphald fordelt på 11 månadlege betalingar. Stavanger kommune var den einaste kommune som har 9 betalingar i året.

## **6.12 Mat-/kostpengar**

77 av 109 kommunar krev inn mat-/kostpengar separat mot 62 i august 2004. Undersøkinga tek berre omsyn til dei tilfella kor mat-/kostpengar blir spesifisert nærmare. I undersøkinga er det ikkje teke med kostpengar som er avtalt direkte mellom den enkelte barnehagen og dei føresette. Dette fører til at samanlikningane av månadssatsane og årsbetaling mellom kommunar, fylke og regionar kan vere noko usikre.

## **6.13 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år**


5 kommunar i utvalet har høgare betalingssats for barn under 3 år, det same som i januar 2005.

## 7. Takstane for private barnehagar

For august 2004 og august 2005 er det rekna ut landsgjennomsnitt der dei ulike regionane er vekta saman på bakgrunn av talet på barn mellom 3 og 5 år i private barnehagar. Innan regionane er det teke eit simpelt gjennomsnitt.

Den gjennomsnittlege månadssatsen i private barnehagar på landsbasis er **2 644** kroner per august 2005. Dette er ein nedgang på heile **1,6** prosent frå august 2004. Satsane varierer mellom dei ulike regionane frå **2 573** kroner i Vestlandet til **2 738** kroner i Agder/Rogaland.

Figur 5. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter region og betalingsår. Private barnehagar. August 2004 og august 2005.



Som illustrert i figur 5, er det relativ liten variasjon i gjennomsnittlig årsbetaling for eit barn i private barnehagar mellom dei ulike regionane. For hushald med eit barn i barnehage varierer årsbetalinga i private barnehagar for august 2005 mellom **29 771** kroner på Vestlandet og **31 705** kroner i Agder/Rogaland. Den gjennomsnittlege årsbetalinga for heile landet er **30 609** kroner i august 2005, som er ein nedgang på **1,5** prosent frå august 2004. Tala er illustrerte i tabell 7 i vedlegget.

For hushald med to barn i barnehage ligg årsbetalinga mellom **51 027** kroner på Vestlandet og **54 123** kroner i Agder/Rogaland. På landsbasis er gjennomsnittssatsen **52 261** kroner, ein nedgang på **2,6** prosent frå same tid i fjor.

## 8. Samanlikning av private og kommunale barnehagar


I figur 6 har vi samanlikna gjennomsnittleg årsbetaling i private barnehagar med årsbetalinga i kommunale barnehagar for dei ulike inntektsnivåa.

For hushald med eit barn i barnehage og brutto årsinntekt på 250 000 kroner, er årsbetalinga for kommunale barnehagar i Agder/Rogaland og på Austlandet respektive **43,2** og **16,0** prosent lågare enn gjennomsnittleg årsbetalinga i private barnehagar. Årsaka til dei store skilnadene mellom satsane i private og kommunale barnehagar for ein hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner er mellom anna meir utbreidd bruk av inntektsgraderte betalingssystem i kommunale barnehagar enn i private.

På Austlandet er gjennomsnittleg årsbetaling i kommunale barnehagar høgare for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 og 500 000 enn de private barnehagar. I Agder/Rogaland er årsbetalinga lågare i kommunale barnehagar enn i private barnehagar for sama inntektsnivå.

Gjennomsnittleg årsbetaling i private barnehagar sammenlikna med årsbetalinga i kommunale barnehagar viser liten forskjell for Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg. Årsbetalinga i private barnehagar er lågare i Trøndelag og på Vestlandet enn i dei kommunale barnehagar.

Figur 6. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter region, barnehagetype og hushaldet si samla brutto årsinntekt. August 2005.



## Vedlegg

Tabell 1 Oversiktsdata for undersøkinga

Fylke	Talet på kommunar i fylket						
	med i undersøkinga	med inntektsgraderte månads-satsar	med egne satsar for barn under 3 år	med flate månads-satsar	med syskenmoderasjon	som bruker kost-pengar	med 11 betalings-månader
Østfold	6	1	0	5	6	6	6
Akershus	6	6	0	0	6	5	6
Oslo	1	1	0	0	1	0	1
Hedmark	6	0	0	6	6	5	6
Oppland	6	0	1	6	6	6	6
Buskerud	6	1	0	5	6	4	6
Vestfold	6	3	0	3	6	4	6
Telemark	6	4	2	2	6	5	6
Aust-Agder	6	3	0	3	6	4	6
Vest-Agder	6	6	0	0	6	5	6
Rogaland	6	3	0	3	6	4	5
Hordaland	6	2	0	4	6	1	6
Sogn og Fjordane	6	1	0	5	6	4	6
Møre og Romsdal	6	0	0	6	6	3	6
Sør-Trøndelag	6	1	0	5	6	6	6
Nord-Trøndelag	6	0	0	6	6	5	6
Nordland	6	0	0	6	6	4	6
Troms	6	0	1	6	6	0	6
Finnmark	6	1	1	5	6	6	6
<b>I alt</b>	<b>109</b>	<b>33</b>	<b>5</b>	<b>76</b>	<b>109</b>	<b>77</b>	<b>108</b>
<b>I alt i prosent</b>		<b>30,3</b>	<b>4,6</b>	<b>69,7</b>	<b>100,0</b>	<b>70,6</b>	<b>99,1</b>

Tabell 2 a Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månedssats, utan kost				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Østfold</b>					
aug.04	2003	2632	2713	2713	2713
aug.05	1996	2527	2750	2750	2750
Pst. endring	-0,3	-4,0	1,4	1,4	1,4
<b>Akershus</b>					
aug.04	828	2406	2674	2750	2750
aug.05	828	2406	2674	2750	2750
Pst. endring	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
<b>Oslo</b>					
aug.04	750	2000	2750	2750	2750
aug.05	750	2000	2750	2750	2750
Pst. endring	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
<b>Hedmark</b>					
aug.04	2337	2629	2629	2629	2629
aug.05	2442	2734	2734	2734	2734
Pst. endring	4,5	4,0	4,0	4,0	4,0
<b>Oppland</b>					
aug.04	2720	2720	2720	2720	2720
aug.05	2745	2745	2745	2745	2745
Pst. endring	0,9	0,9	0,9	0,9	0,9
<b>Buskerud</b>					
aug.04	1134	2162	2750	2750	2750
aug.05	1478	2274	2750	2750	2750
Pst. endring	30,3	5,2	0,0	0,0	0,0
<b>Vestfold</b>					
aug.04	963	1904	2741	2741	2741
aug.05	972	1721	2723	2750	2750
Pst. endring	1,0	-9,6	-0,6	0,3	0,3

Tabell 2 a (framhald) Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kost				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Telemark</b>					
aug.04	807	2060	2562	2571	2571
aug.05	920	2256	2729	2738	2738
Pst. endring	13,9	9,5	6,5	6,5	6,5
<b>Aust-Agder</b>					
aug.04	1104	1719	2645	2645	2688
aug.05	1106	1565	2742	2742	2742
Pst. endring	0,2	-9,0	3,7	3,7	2,0
<b>Vest-Agder</b>					
aug.04	1558	1959	2730	2740	2740
aug.05	1565	1981	2748	2750	2750
Pst. endring	0,5	1,1	0,6	0,4	0,4
<b>Rogaland</b>					
aug.04	687	1503	2317	2840	2840
aug.05	705	1597	2498	3078	3078
Pst. endring	2,5	6,3	7,8	8,4	8,4
<b>Hordaland</b>					
aug.04	1047	2748	2748	2748	2748
aug.05	992	2750	2750	2750	2750
Pst. endring	-5,2	0,1	0,1	0,1	0,1
<b>Sogn og Fjordane</b>					
aug.04	1635	2485	2485	2697	2697
aug.05	1638	2467	2467	2679	2679
Pst. endring	0,2	-0,7	-0,7	-0,7	-0,7
<b>Møre og Romsdal</b>					
aug.04	2684	2684	2684	2684	2684
aug.05	2750	2750	2750	2750	2750
Pst. endring	2,4	2,4	2,4	2,4	2,4



Tabell 2 a (framhald) Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kost				
	Bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Sør-Trøndelag</b>					
aug.04	2683	2732	2732	2732	2732
aug.05	2688	2738	2738	2738	2738
Pst. endring	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2
<b>Nord-Trøndelag</b>					
aug.04	2661	2661	2661	2661	2661
aug.05	2719	2719	2719	2719	2719
Pst. endring	2,2	2,2	2,2	2,2	2,2
<b>Nordland</b>					
aug.04	2545	2545	2545	2545	2545
aug.05	2685	2685	2685	2685	2685
Pst. endring	5,5	5,5	5,5	5,5	5,5
<b>Troms</b>					
aug.04	2646	2646	2646	2646	2646
aug.05	2654	2654	2654	2654	2654
Pst. endring	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3
<b>Finnmark</b>					
aug.04	2446	2446	2481	2481	2481
aug.05	2549	2549	2585	2585	2585
Pst. endring	4,2	4,2	4,2	4,2	4,2
<b>Heile landet totalt</b>					
aug.04	1491	2330	2659	2708	2709
aug.05	1528	2352	2698	2753	2753
Pst. endring	2,5	1,0	1,5	1,6	1,6

**Tabell 2 b Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt**

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpenger									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Østfold</b>										
aug.04	24865	31781	32675	32675	32675	43028	54787	56305	56305	56305
aug.05	24723	30564	33014	33014	33014	42858	52789	56954	56954	56954
<b>Pst. endring</b>	<b>-0,6</b>	<b>-3,8</b>	<b>1,0</b>	<b>1,0</b>	<b>1,0</b>	<b>-0,4</b>	<b>-3,6</b>	<b>1,2</b>	<b>1,2</b>	<b>1,2</b>
<b>Akershus</b>										
aug.04	9995	27375	30336	31170	31170	17038	46408	51341	52760	52760
aug.05	10043	27403	30351	31185	31185	17353	46866	51877	53296	53296
<b>Pst. endring</b>	<b>0,5</b>	<b>0,1</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>1,9</b>	<b>1,0</b>	<b>1,0</b>	<b>1,0</b>	<b>1,0</b>
<b>Oslo</b>										
aug.04	8250	22000	30250	30250	30250	14025	37400	51425	51425	51425
aug.05	8250	22000	30250	30250	30250	14025	37400	51425	51425	51425
<b>Pst. endring</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>
<b>Hedmark</b>										
aug.04	26784	29995	29995	29995	29995	45776	51234	51234	51234	51234
aug.05	28084	31295	31295	31295	31295	48111	53569	53569	53569	53569
<b>Pst. endring</b>	<b>4,9</b>	<b>4,3</b>	<b>4,3</b>	<b>4,3</b>	<b>4,3</b>	<b>5,1</b>	<b>4,6</b>	<b>4,6</b>	<b>4,6</b>	<b>4,6</b>
<b>Oppland</b>										
aug.04	31323	31323	31323	31323	31323	53662	53662	53662	53662	53662
aug.05	32019	32019	32019	32019	32019	54966	54966	54966	54966	54966
<b>Pst. endring</b>	<b>2,2</b>	<b>2,2</b>	<b>2,2</b>	<b>2,2</b>	<b>2,2</b>	<b>2,4</b>	<b>2,4</b>	<b>2,4</b>	<b>2,4</b>	<b>2,4</b>
<b>Buskerud</b>										
aug.04	13699	25004	31470	31470	31470	23298	40726	50615	50615	50615
aug.05	17753	26501	31742	31742	31742	30176	43298	51159	51159	51159
<b>Pst. endring</b>	<b>29,6</b>	<b>6,0</b>	<b>0,9</b>	<b>0,9</b>	<b>0,9</b>	<b>29,5</b>	<b>6,3</b>	<b>1,1</b>	<b>1,1</b>	<b>1,1</b>
<b>Vestfold</b>										
aug.04	11311	21658	30864	30864	30864	18437	34364	48639	48639	48639
aug.05	11599	19834	30854	31152	31152	19684	32713	50054	50560	50560
<b>Pst. endring</b>	<b>2,5</b>	<b>-8,4</b>	<b>0,0</b>	<b>0,9</b>	<b>0,9</b>	<b>6,8</b>	<b>-4,8</b>	<b>2,9</b>	<b>3,9</b>	<b>3,9</b>

**Tabell 2 b (framhald) Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt**

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpengar									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Telemark</b>										
aug.04	9895	23680	29198	29298	29298	15558	36235	44512	44663	44663
aug.05	11318	26020	31218	31318	31318	18982	42800	51166	51316	51316
<b>Pst. endring</b>	<b>14,4</b>	<b>9,9</b>	<b>6,9</b>	<b>6,9</b>	<b>6,9</b>	<b>22,0</b>	<b>18,1</b>	<b>14,9</b>	<b>14,9</b>	<b>14,9</b>
<b>Aust-Agder</b>										
aug.04	12399	19162	29355	29355	29823	19784	30483	45966	45966	46761
aug.05	12508	17554	30505	30505	30505	21229	29809	51826	51826	51826
<b>Pst. endring</b>	<b>0,9</b>	<b>-8,4</b>	<b>3,9</b>	<b>3,9</b>	<b>2,3</b>	<b>7,3</b>	<b>-2,2</b>	<b>12,7</b>	<b>12,7</b>	<b>10,8</b>
<b>Vest-Agder</b>										
aug.04	17341	21762	30240	30343	30343	29405	36852	51208	51363	51363
aug.05	17449	22027	30458	30485	30485	29629	37363	51649	51688	51688
<b>Pst. endring</b>	<b>0,6</b>	<b>1,2</b>	<b>0,7</b>	<b>0,5</b>	<b>0,5</b>	<b>0,8</b>	<b>1,4</b>	<b>0,9</b>	<b>0,6</b>	<b>0,6</b>
<b>Rogaland</b>										
aug.04	7615	16361	25088	30316	30316	12726	27570	42402	51286	51286
aug.05	7791	16790	25547	30774	30774	13401	29106	44388	53673	53673
<b>Pst. endring</b>	<b>2,3</b>	<b>2,6</b>	<b>1,8</b>	<b>1,5</b>	<b>1,5</b>	<b>5,3</b>	<b>5,6</b>	<b>4,7</b>	<b>4,7</b>	<b>4,7</b>
<b>Hordaland</b>										
aug.04	11526	30241	30241	30241	30241	19598	51414	51414	51414	51414
aug.05	10924	30255	30255	30255	30255	18523	51385	51385	51385	51385
<b>Pst. endring</b>	<b>-5,2</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>-5,5</b>	<b>-0,1</b>	<b>-0,1</b>	<b>-0,1</b>	<b>-0,1</b>
<b>Sogn og Fjordane</b>										
aug.04	19053	28943	28943	31280	31280	30725	46864	46864	50370	50370
aug.05	19045	28161	28161	30499	30499	32542	48447	48447	52420	52420
<b>Pst. endring</b>	<b>0,0</b>	<b>-2,7</b>	<b>-2,7</b>	<b>-2,5</b>	<b>-2,5</b>	<b>5,9</b>	<b>3,4</b>	<b>3,4</b>	<b>4,1</b>	<b>4,1</b>
<b>Møre og Romsdal</b>										
aug.04	30691	30691	30691	30691	30691	51753	51753	51753	51753	51753
aug.05	30667	30667	30667	30667	30667	52047	52047	52047	52047	52047
<b>Pst. endring</b>	<b>-0,1</b>	<b>-0,1</b>	<b>-0,1</b>	<b>-0,1</b>	<b>-0,1</b>	<b>0,6</b>	<b>0,6</b>	<b>0,6</b>	<b>0,6</b>	<b>0,6</b>

**Tabell 2 b (framhald) Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt**

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpengar									
	Eit barn, bruttoinntekt kr.					To barn, bruttoinntekt kr.				
	Min	250000	375000	500000	Maks	Min	250000	375000	500000	Maks
<b>Sør-Trøndelag</b>										
aug.04	29750	30294	30294	30294	30294	50471	51395	51395	51395	51395
aug.05	31515	32058	32058	32058	32058	54041	54965	54965	54965	54965
<b>Pst. endring</b>	<b>5,9</b>	<b>5,8</b>	<b>5,8</b>	<b>5,8</b>	<b>5,8</b>	<b>7,1</b>	<b>6,9</b>	<b>6,9</b>	<b>6,9</b>	<b>6,9</b>
<b>Nord-Trøndelag</b>										
aug.04	30115	30115	30115	30115	30115	49895	49895	49895	49895	49895
aug.05	30814	30814	30814	30814	30814	52590	52590	52590	52590	52590
<b>Pst. endring</b>	<b>2,3</b>	<b>2,3</b>	<b>2,3</b>	<b>2,3</b>	<b>2,3</b>	<b>5,4</b>	<b>5,4</b>	<b>5,4</b>	<b>5,4</b>	<b>5,4</b>
<b>Nordland</b>										
aug.04	28480	28480	28480	28480	28480	46258	46258	46258	46258	46258
aug.05	30074	30074	30074	30074	30074	49643	49643	49643	49643	49643
<b>Pst. endring</b>	<b>5,6</b>	<b>5,6</b>	<b>5,6</b>	<b>5,6</b>	<b>5,6</b>	<b>7,3</b>	<b>7,3</b>	<b>7,3</b>	<b>7,3</b>	<b>7,3</b>
<b>Troms</b>										
aug.04	29580	29580	29580	29580	29580	49194	49194	49194	49194	49194
aug.05	31292	31292	31292	31292	31292	52581	52581	52581	52581	52581
<b>Pst. endring</b>	<b>5,8</b>	<b>5,8</b>	<b>5,8</b>	<b>5,8</b>	<b>5,8</b>	<b>6,9</b>	<b>6,9</b>	<b>6,9</b>	<b>6,9</b>	<b>6,9</b>
<b>Finnmark</b>										
aug.04	28488	28488	28878	28878	28878	44580	44580	45165	45165	45165
aug.05	29700	29700	30090	30090	30090	47128	47128	47791	47791	47791
<b>Pst. endring</b>	<b>4,3</b>	<b>4,3</b>	<b>4,2</b>	<b>4,2</b>	<b>4,2</b>	<b>5,7</b>	<b>5,7</b>	<b>5,8</b>	<b>5,8</b>	<b>5,8</b>
<b>Heile landet</b>										
